

**UWC Røde Kors Nordisk** er ein internatskule for 200 elevar i alderen 16-19 år, frå meir enn 80 ulike land. Elevane gjennomfører eit to-årig studieprogram - International Baccalaureate (IB) Diploma. Skulen starta opp i 1995 og er mellom anna finansiert av offentlege midlar frå dei nordiske landa, og ligg idyllisk plassert ved Flekkefjorden i Fjaler kommune på Vestlandet. Skulen har omlag 65 tilsette og har to datterselskap, UWC Connect AS og Verdsgrenda Eigedom AS. UWC Connect har ansvar for andre aktivitetar som mellom anna leirskule, sommarleirar og som vertskap for ulike grupper som kjem for å oppleve det unike miljøet på skulen. Verdsgrenda Eigedom AS eig og forvaltar bygg på eigedomen.

## **Stilling som kokk - 100 % fast stilling**

**Vi har ledig fast stilling som kokk for turnusarbeid i ein internasjonal og mangfaldig organisasjon.**

Vi søker deg som er nøyaktig, flittig og oppteken av å ha det kjekt på arbeid saman med gode kollegaer og som ynskjer å gjere ein forskjel. Vi har som mål at matopplevinga hos oss skal vere sunn, fristande, reflektere skulen sitt ideal om bærekraft og gje elevar og gjestar gode matopplevingar.

Per i dag er det ti tilsette som arbeider i heil- eller deltidsstillingar ved kjøkkenet. Tre av desse er kokkestillingar, som alle er faste og 100 %.

Vi har no behov for å tilsette enno ein flink person for å erstatte ein av våre faste tilsette.

### **Ansvars- og arbeidsområde**

- Kokkane våre er teamleiarar, og har ansvar for drift av kjøkkenet på sine skift.
- Kokkane inngår i ein turnusplan med arbeid morgen, middag og kveld, og sidan skulen er heim for omlag 200 studentar så vil det også inngå helgarbeid kvar tredje veke i turnusen.

### **Arbeidsoppgåver**

- Internkontroll (IK mat)
- God varehandtering
- Produksjon av varmmat, kaldmat og salatbar

### **Kvalifikasjonar**

- Fagbrev som kokk
- Erfaring frå liknande stillingar
- Kunnskap og interesse for internasjonal mat og vegetarmat
- Evne til å yte god service til elevane og gjestane våre
- Vi brukar norsk som arbeidsspråk på kjøkkenet

### **Personlege eigenskapar**

- Interesse for mat
- Ynskje om å vere del av eit team som er ein særsviktig del av skulen
- Ha god struktur og like og evne å jobbe sjølvstendig og i Team
- Ha høg integritet og kan trivast med arbeid i eit dynamisk miljø med elevar og tilsette med ulik kulturell og etnisk bakgrunn, jemfør UWC sine verdiar og misjon

### **United World College Red Cross Nordic**

Hauglandsvegen 304, 6968 Flekke, Norway

Telephone: +47 5773 7000 website: uwcrcn.no email: info@uwcrcn.no

## Kva kan vi tilby?

- Ein strukturert arbeidskvardag med høve til ulike kurs og eigenutvikling
- Løn etter KS tariff
- Gode pensjons- og forsikringsordningar
- Tilgang til Røde Kors Haugland rehabiliteringssenter sine basseng og treningsrom
- Tilgang til ulike utandørskaktivitetar, organisert gjennom skulen

Dersom dette er arbeidsoppgåver og ei stilling som kan passe for deg, ber vi om at du sender ein enkel søknad og CV til [appointments@uwcrcn.no](mailto:appointments@uwcrcn.no).

## Tilsetjing snarast.

For spørsmål til stillinga kan du ta kontakt med OSM (Operational Service Manager) **Ainor Naustdal** på tlf. **917 09 715**, eller [ainor.naustdal@uwcrcn.no](mailto:ainor.naustdal@uwcrcn.no)

Ein må legge fram politiattest som ikkje er eldre enn tre månadar før ein kan ta til i stillinga.